



Helse Vest

Dykkar ref:

Vår ref:

Saksbeh.: Jon Bolstad

FØRDE,
28.12.2011

Helse Førde – oppsummering og situasjonsrapport etter ”Dagmar” - ekstremværet og konsekvensene for beredskapen ved helseforetakene

Viser til bestilling på oppsummering og situasjonsrapport etter ”Dagmar” - ekstremværet og konsekvensene for beredskapen ved helseforetakene.

Helse Førde etablerte beredskapsleiing på ettermiddag 1.juledag og har sidan då, hatt regelmessig møter for å sikre drift og beredskap i helseføretaket.

Situasjonsrapport pr 29.12.2011 kl. 07.00 :

Beredskapsleiing:

Beredskapsleiinga gjennomførte sist møte, 28.12. kl.15.30 – 17. 00. Det vart vurdert som forsvarleg å trappe ned beredskapsleiinga sin funksjon. Ved behov vil beredskapsleiinga bli aktivert igjen. Inntil vidare har dei respektive leiarar ansvar for sine ansvarsområde og melder ev utfordringar i linja. Operativ leiing er på plass som i normalsituasjon.

Bemannig / ressursar:

Føretaket har ut frå situasjonen fått dekkja naudsynte funksjonar. Føretaket nyttar unntaksreglane for tilsette ut frå AML §10.12.3 i første omgang også for 29.12.2011. I ambulansetenesta er det framleis tilsette som har vanskar med å kome seg til / frå arbeidsplass, samt at det er behov for styrking av tenesta framleis. Teknisk personell er i auka beredskap.

Sjukehus / institusjonar:

Det er ved sjukehusa no ei tilnærma normal drift, kor det er rapportert god tilgang til forsyning og kritiske forsyningar som diesel til nød-aggregat er supplert. Det er noko forhøga beredskap på teknisk personale. Alle journalsystem og andre datasystem er kome i vanleg drift.

Førde sentralsjukehus: normal drift.

Nordfjord sjukehus: normal drift

Lærdal sjukehus: normal drift

Ved andre institusjonar i Helse Førde har drifta gått normalt.

Det er små skader ved nokre av bygningane og uteareal. Nødvendig utbetring/ sikring av bygg er utført.

AMK Førde

AMK Førde har no normal bemanning. Det er bakvakt i beredskap for å møte på kort varsel ved behov. Dagleg leiar AMK Førde er oppdatert på situasjonen og har delteke i beredskapsleiinga.

Ambulansetenesta

Ambulansetenesta har framleis ein auka beredskap i Nordfjord-kommunane Vågsøy, Eid og Stryn. Beredskapen er auka med ein døgnbil ved desse stasjonane ut frå ein vedvarande situasjon med fleire stengte vegar. Det er forventa at oppdrag vil ta lengre tid. I tillegg pågår det mykje krevjande oppryddingsarbeid som har eit potensiale for skade / ulykker i området.

Selje ambulansestasjon har måtte flytte lokalisering internt i kommunen grunna manglande tilgang til straum og offentleg tel og kommunikasjonsnett.

For båtambulansetenesta er det gjort nokre omdisponeringar for å betre tilgangen til veglause / vegstengte område. Askvoll kommune er og i større grad avhengig av båtambulanse grunna manglande vegsamband ut av kommunen.

Ambulansetenesta har ambulanseleing i beredskap for å vurdere situasjon og tiltak fortløpande ut frå vertilhøve. Ambulansesjef er oppdatert på situasjonen og deltek i beredskapsleinga.

Veret har betra seg og det har vore utført luftambulanseoppdrag siste døgn. Luftambulansetenesta vil kunne vere ein viktig ressurs for enkelte av områda som er råka av vegstengingar. Lågare terskel for rekvirering av luftambulanse vil vere aktuelt.

Oppsummering av beredskapssituasjonen:

Helse Førde har sett beredskapsleing, og har gjennom internett prøvd å varsle publikum om gjeldande situasjon for helseforetaket. Foretaket har deltatt i beredskapsrådet til Fylkesmannen og slik sikra seg nødvendig informasjonsutveksling og fått meldt inn primære behov. NRK har vore til god hjelp i høve til å nå ut til publikum og eigne tilsette.

Eigne tilsette har arbeidd utover normal arbeidstid og unntaksreglar i AML er nytta.

Sjukehusa

Drifta ved sjukehusa i Helse Førde har gått greitt. Største utfordring har vore straumforsyning og anlegg som blir påverka av store spenningsvariasjonar. Elles har forsyning av diesel til aggregat vore nødvendig, og er no supplert.

Manglande tele og kommunikasjon til, frå og mellom sjukehusa har vore utfordrande. Kommunikasjon mot telefonsentral på Norfjord sjukehus har vore ute av drift i fram til ettermiddagen 27. desember. Her har satellitt og seinare mobiltelefon vore nytta som kommunikasjonspunkt.

Det er ikkje vore rapportert om spesielle utfordringar frå nokon av avdelingane. Nokre utskrivingsklare pasientar har blitt liggande noko lenger i sjukehusa i påvente av betre vegkommunikasjon.

Vertilhøva har medført utsett tilbakeføring av kuvøsebarn frå Haukeland universitetssjukehus til Førde sentralsjukehus.

AMK Førde:

Sentralen har vore oppe heile tida med både helseradiokommunikasjon og telefonsentral. Det har likevel vore krevjande å få kommunisere ut til helsepersonell. Bortfall av mobilnett og GPRS, har gjort det vanskeleg i periodar å sikre oppdragsinformasjon, GPS posisjon og oversikt over tilgjengelege ambulanseressursar.

Det har og vore kritisk med omsyn til bortfall av telefondekking, slik at publikum har hatt vanskar med å nå nødetatane. Ein har lagt ut pressemelding og nytta lokalradio for å oppmode publikum om å oppsøkje lokalt legekontor, lokalt ambulansestasjon eller næraste sjukehus om

ein ikkje kom gjennom på telefon. Helse Førde har varsla ein situasjon til Helsetilsynet. Pårørande fekk ikkje kontakt på 113, og måtte oppsøkje ambulansetasjon på eige initiativ. Når ambulanse kom fram, var pasienten død. Med den kunnskapen vi har om saka no, så er det likevel ikkje noko som tyder på at utfallet ville blitt annleis dersom ambulanse eller anna helsepersonell hadde kome raskare til, då pasienten døydde kort tid etter symptoma oppstod. Saka har likevel fått mykje merksemd grunna den ekstraordinære kommunikasjonssituasjonen som var desse dagane. Saka er meldt til politi og Helsetilsyn.

Ambulansetenesta

Ambulansetenesta har hatt fleire store utfordringar.

Nokre ambulansetasjonar har mellombels blitt flytta til kommunale institusjonar grunna mangel på elektrisitet. Ein har sikra aggregat for å få nødvendig lading av ambulansar (utstyr) i beredskap. I Vågsøy har ambulansetenesta saman med kommunal beredskapsleiing tatt i bruk eit større fiskefartøy som base med alle fasilitetar.

Ambulanseberedskapen har blitt styrka med totalt 5 ekstra døgnambulansar, noko ulikt i varigheit. Ein ambulansebåt vart flytt frå Solund til Sognefjorden for å sikre ein auka evakueringsveg langt fjorden når vegnettet i Sogn vart stengt.

Mangel på helseradiokommunikasjon og telenett, fastlinje og mobil, har ført til varierte løysingar fleire stadar. Ved nokre få kommunar har satelittelefon vore nytta som einaste varslingsveg. Dei fleste stasjonane fekk relativt raskt tilbake mobildekking.

Situasjonen har etter kvart betra seg, og det er no Selje kommune som har framleis store kommunikasjonsutfordringar. Av denne grunn er ambulansen mellombels flytta til ein lokalisasjon med mobildekking.

Ras og flaum har ført til svært mange vegstengingar i tillegg til innstilte ferjeavgangar. I periodar var dei største vegsambanda stengt og det var kritisk med omsyn til akuttberedskap. I ein periode var både E 39 mot Førde sentralsjukehus og E16 mot Voss og Haukeland stengt. Fjellovergangane i fylket har vore stengt over fleire dagar.

Ein valde å sikre beredskapsferje mellom Nordfjord og Sunnmøre natt til 2. juledag, då det var uvisst kor lenge E39 ville vere stengt.

Ut frå våre rapporteringar har alle pasientar fått helsehjelp og alle oppdrag er utført, dette trass i at nokre oppdrag har fått forlenga reiseveg og reisetid. Det er ikkje meldt at forlenga reisetid har fått medisinske fylgjer for pasientane:

- To pasientar har blitt transport i hjullaster ved overfløymd E 39.
- Ein pasient har ved hjelp av brannvern blitt transportert med open båt då E39 i Førde vart stengt.
- Fleire pasientar har blitt transportert med ambulansebåt/redningsskøyte grunna vegstenging og innstilte ferjeavgangar. Særleg i eit oppdrag frå Sogn til Førde sentralsjukehus tok lang tid. Ras medførte at ambulanse måtte snu midtvegs til sjukehus, for retur til eigna ferjekai. Ferje frå Kaupanger – Balestrand. Ambulansebåt frå Balestrand – Vadheim, og ambulanse frå Vadheim til Førde.

Siste døgn er fleire pasientar blitt utskrivne etter kvart som vegnettet har gjort heimreise mogeleg.

Leiinga reknar med å etablere normal beredskap og tilnærma normal drift i løpet av fredag 30.12.2011.